



# VEG OG VIRKE

## I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 4

Desember 1983

11. årg.



# VEG OG VIRKE

## I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 4

Desember 1983

11. årg.

**BEDRIFTSAVIS FOR  
VEGVESENET I MØRE OG  
ROMSDAL FYLKE**

**Redaksjonsutval:**

Andor Wicken  
Arne Johnsen  
Terje Haug

**Redaksjonsråd:**

Ulf Myhre  
Tore Hoëm  
Ottar Brudeseth  
Per Dalsbø  
Olaus Winther  
Oddmund Gussiås

**Redaksjonssekretær:**

Terje Haug  
Utgitt av Statens Vegvesen,  
Vegkontoret Møre og Romsdal.

**Redaksjonens adresse:**

Fylkeshuset,  
Julsundvegen 1 B, 6400 Molde

**Sats og trykk:**

Jan Betten & Sønns Trykkeri, Tingvoll

**Opplag:** 1850**Innhald:**

- 3 Vanskeleg å vere fylkesveg
- 4 Litt om anleggssdrifta på riksvegane i 1984
- 6 Kurs i transport av farlig gods i Kristiansund
- 8 Aksjon publikum
- 9 Rundkjøring i Spjelkavikkrysset
- 10 Kontroll av moped
- 11 Håndbøker fra Vegdirektoratet
- 12 Forskning og utvikling i vegvesenet
- 14 Studiereise til Oslo
- 15 Vegstasjonen i T-4 — Skodje
- 16 Slå eit slag i forslagsordninga
- 17 Hvorfor forslagsordning
- 18 Lønnskort
- 20 Nytt fra arbeidsmiljøutvalget
- 21 5 minutter med vernelederen
- 22 Budgættet
- 28 Avtale om medregning av permisjon uten lønn
- 30 Begynt i vegvesenet — Slutta i vegvesenet
- 31 Vi gratulerer
- 32 Lab-nytt
- 37 Løsnings på «Vegkryss nr. 3»
- 38 Hemnskjel ferjekai
- 39 Yrkesbevisordninga
- 40 Nye kvilebrakker
- 42 Sofus-prisen 1983
- 43 Bodstikke ved møte om vegarbeid for 150 år sidan
- 44 Vegvesenets etterlatenskaper et klenodium i dag
- 47 Kryssord



*Vegsjefen har ordet:*

## VANSKELEG Å VERE FYLKESVEG

Det noverande fylkestinget syng på siste verset. Men før representantane skiljest skal dei mellom mange andre saker ta stilling til fylkesveg-investeringane for 1984. I den langtidsplanen vi har arbeidd etter var det rekna med 15 mill. 1982-kroner netto pr. år framover. Men i framleget frå fylkesrådmannen i haust var det ikkje pengar på langtidsbudsjettet til veganlegg i det heile.

Vegsakene har tidlegare hatt høg prioritet i budsjetta for Møre og Romsdal. I 1978 var investeringane på fylkesvegane om lag 75 mill 1983-kroner. Under bygginga av Runde bru og Tafjordvegen kom det også inn midlar frå andre kjelder, og i 1980 var brutto investering over 107 mill. 1983-kroner. Fallet ned til berre 20 mill. kroner i 1983 er særmerkbart for aktiviteten på vegen. Sjøl om mykje er gjort både med utbedring og nye samband, så er det endå meir som står att.

For 1984 skal fylkestinget sjå på eit framlegg om å bruke netto 15 mill.



1984-kroner til investeringar på fylkesvegane. Det er uvisst korleis det vil gå med dette, og vegvesenet har difor også sett på kva som bør gjerast dersom budsjettet blir null. Langtidsbudsjettet for åra framover viser i alle hove null til veganlegg. Løyvingane må difor brukast der dei kan kome til nytte etter kvart som arbeidet skrid fram.

Samstundes med at det er lite eller ingenting til investeringar, er det også i det komande år for små midlar til forebyggande vedlikehald. Ein del av fylkesvegnettet taper seg kvart år og det blir dyrare og dyrare å rette det opp igjen. På tampen av Nordisk Trafikksikkerhetsår vil små midlar til opprusting og manglande vedlikehold svekke arbeidet med trafikktrygging på fylkesvegane.

Det blir sagt at det er vanskeleg å vere politikar i desse tider. For min del trur eg at fylkesvegane har det vanskelegare.

Kaare Flaate

# LITT OM ANLEGGSDRIFTA PÅ RIKSVEGANE I 1984

## E 69

Det vil stykkevis bli utført arbeid for forsterking til 10t akseltrykk mellom Veblungsnes og Kjelbotn. Dessutan blir det i vinter arbeidd med utviding av profilet i Runehammar tunnel. Elles er innfartsvegen til Ålesund prioritert på denne ruta med 20 mill. kroner til Lerstad-Nørvesund. Med kostnad i størrelsen 80 mill. kroner vil parsellen likevel først kunne ta-kast i bruk i 1987.

## Riksveg 14

Det blir stykkevis forsterkning til 10t akseltrykk mellom Festøy og Ørsta og opprustinga held fram mellom Straumshamn og Sogn og Fjordane grense.

## Riksveg 16

Denne vegruta skal og forsterkast til 10t akseltrykk mellom Mo og Ålvundfoss, og ombygginga av parsellen frå Beiteråsen til Grimstad-høgda blir fullført.

## Riksveg 58

Her skal det leggjast fast dekke på 5 km attståande grusveg mellom Geiranger og Korsmyra på Ørnevegen.

## Riksveg 60

Arbeidet med strossing av Strekane og Storfossen tunnel mellom Stranda og Hellesylt vil bli fullført og der blir lagt fast dekke.

## Riksveg 62

er og av dei rutene som skal forsterkast til 10t akseltrykk. Dette arbeidet vil halde fram mellom Kleive og Fosbakken. Åfar, Usma og Storvik bru er skal ombyggjast. Dessutan skal Driva bru utvidast med eit køyrefelt ved sida av eksisterande bru. Dette er første byggetrinn for ny bru.

## Riksveg 64

Vi ventar klarsignal for oppstarting av arbeidet på parsellen Stein-Tokle. Det er p.t. ikkje heilt klart med plangodkjenning. Sølsnes ferjekai skal ombyggjast til betong.

## Riksveg 66

Oppdøl-Rensvik skal forsterkast til 10t akseltrykk. Arbeidet blir starta i 1984 og skal etter planen fullførast i 1985.

## Riksveg 67

Arbeidet på parsellen Eide-Ørjavik vil halde fram. Det er no strekninga Visnes-Lyngstad som står for tur.

## Riksveg 651

Vegruta vil bli ferdig utbetra i denne omgangen mellom Volda og Hunnes.

## Riksveg 652

På denne ruta er det ein kort parsell som skal omleggast over «Ulvestad-

flatene». Her er ikkje alle formalia klar enno for å starte arbeidet, men vi håper at dette lar seg ordne i løpet av vinteren.

#### Riksveg 655

Etter eit opphold i arbeidet på denne ruta er det no parsellen Sæbø-Frøland som står for tur. Her er heller ikkje alle formalia klar enno m.h.t. plangodkjennning og grunnavståing. Vi håper likevel at dette ordner seg slik at arbeidet kan starte i 1984.

#### Riksveg 659

Parsellen Instevågen i Brattvåg skal ombyggjast. Arbeidet starta hausten 1983 og er rekna ferdig hausten 1984. Anlegget omfatter både ny riksveg og gang-/sykkelveg.

#### Riksveg 661

Vi reknar med å få sett trafikk på ny veg mellom Stokkelandsløken og Leirvikbukta. Her og omfattar anlegget dels gang-/sykkelveg i tillegg til riksvegen. Forutsetning for fullføring er at vi får bruke meir midlar enn disponibelt på anlegget i 1984.


#### Riksveg 666

Arbeidet vil halde fram mellom Torvikbukt og Batnfjordsøra.

#### Riksveg 680

Arbeid med ny veg Byskogen-Seivika, vil halde fram. Det er rekna at anlegget skal være trafikabelt med anleggsutstyr hausten 1984 fram til Seivika slik at bygging av ferjekai kan starte.

*Kjell Loen*



## BIDRAG TIL AVISA

*fra de forskjellige  
arbeidsplassene rundt  
om i fylket er en nødven-  
dighet dersom en skal få den  
informasjon som er ønsket. Vær  
våken for det som skjer og send  
ditt bidrag i tekst og/eller bilder  
til redaksjonen snarest!*

## KURS I TRANSPORT AV FARLIG GODS I KRISTIANSUND 16. - 17. NOVEMBER 1983

Farlig gods er en samlebetegnelse på stoffer som på grunn av sin beskaffenhet er helsefarlig for mennesker eller skadelig for miljøet. Det eksisterer en europeisk avtale om internasjonal vegtransport av farlig gods, - ADR-konvensjonen. I konvensjonen finner man bl.a. de stoffer definert som klassifiseres som farlig stoff; sprengstoff, brannfarlige og giftige gasser, radioaktive- og etsende stoff osv.

Mesteparten av farlig gods, anslagsvis 70 - 75%, transportereres på veg. Av den totale godsmengde som fraktes på veg anslår man at farlig gods utgjør 5 - 8%.

De krav som er fastsett til kjøretøy som skal frakte farlig gods er meget

strenge. Kravene omfatter praktisk talt alle kjøretøy som vanligvis frakter farlig gods. Man må derfor kunne regne med at kravene virker risikoreduserende.

Men som kjent vil ikke et regelverk fungere, hvor omfattende det enn måtte være, dersom man ikke har en kontrollinstans som kontrollerer at reglene blir overholdt.

Biltilsynet er meget sterkt involvert i dette arbeidet. Det er vår oppgave å sørge for at våre folk kan jobben både for å kunne håndheve regelverket og for ikke å bli påført skade i forbindelse med kontrollene.

På kurset i Kristiansund hadde vi foruten fra biltilsynet med deltakere fra vegsentralen, politiet, brann-





vesenet, oljeselskapene og fra beredskapen på Kværnberget luft havn.

Som forelesere hadde vi med distriktsjef John Thompson, Norsk Hammersverk, avdelingsingeniør Gunn Sørmo Sorte, Vegdirektoratet, avdelingsingeniør Einar Moe Magnussen, vegvesenet i Østfold, avdelingsingeniør Magne Ommedal, Biltillsynet Kristiansund og inspektør Ole Lied, Brukskontrollen.

Foruten å gjennomgå lover, forskrifter og kontrollrutiner i forbindelse

med kontroll av kjøretøy som frakter farlig gods, var det også lagt opp til en omfattende øvelse i brannslokking.

Avdelingsingeniør Ommedal og Inspektør Lied har hatt ansvaret for opplegg og gjennomføring av kurset.

Et meget omfattende forarbeid og dyktige forelesere gjorde at kurset ble meget vellykket.

*Arne Johnsen*



## AKSJON PUBLIKUM

Vi som arbeider innan den offentlege sektoren har frå mange hald fått ord på oss for å være lite servicevennlege. Vi arbeider etter tungrodde rutiner, og vi møter sjeldan publikum med ei hjelpende haldning, blir det hevda. Fullt så ille trur eg ikkje at det er. Det er neppe serleg stor forskjell på folk anten dei arbeider innan privat eller offentleg sektor. Dei fleste ønskjer nok å gjere ein god jobb, og freistar kva dei kan for å oppnå dette.

Vi bør likevel ta all kritikk alvorleg, og dei fleste er vel samd i at service og publikumsbehandling er viktig.

Frå regjeringa si side er det sett igang ein aksjon som skal vere i 3 år: Aksjon publikum. Målet er å gjere all offentleg verksemد meir retta mot publikum sine ønskjer og behov.

Vi i vegvesenet bør ta denne aksjonen alvorleg. Store delar av etaten vår er prega av å vere eit serviceorgan som er til for publikum.


Vi har og alt laga ein handlingsplan for Aksjon publikum i vegvesenet. Biltillsynet har her fått ein dominerande plass. Ikkje fordi dei tilsette i biltillsynet har ord på seg for å vere lite publikumsvennlege, men fordi dette er den delen av etaten vår som har aller mest med publikum å gjere. Nokre av dei tilsette i biltillsynet har og gjennomført kurs i publikumsbehandling. Resten vil følje etter i løpet av 1984.

Det er viktig at vi alle gjer vårt beste for at vegvesenet skal stå i eit positivt lys i publikum sine augo. Vegvesenet skal vere eit triveleg vesen! Med eit slik motto trur eg at vi vil nå langt - uavhengig av Aksjon publikum.

*Karstein Fauskanger*

# Rundkjøring i Spjelkavikkrysset

Vi har bygd om krysset til rundkjøring. Dette er ei ny og uvant trafikkregulering for dei fleste trafikantane. Her er nokre viktige prinsipp vi må vere merksame på:



- Bruk helst gang- og sykkelvegane
- Må du sykle i kjørebanen, hald godt til høgre i rundkjøringa.
- Vis teikn!

-  **TIL FOTGJENGARANE**
- Bruk alltid gang- / sykkelvegane og gangfelta.



STATENS VEGVESEN  
- i arbeid for bedre transport

NOVEMBER 1983



## Kontroll av moped

Ein moped vart innkalla til kontroll ved biltilsynet i Ørsta. Nokre dagar seinare fekk vi ei pakke i posten

som inneholdt skilt, vognkort og eit brev. Vi har innhenta løyve for å nytte det i «Veg og Virke».

*Helge-Idar Vartdal*

Gurskøy 1. november 1983

Til Statens Biltilsyn  
6150 Ørsta.

Då eg har vorte for tung  
og ikkje lenger er ung.  
Har det vorte til litt av ei plage,  
når mopeden ikkje vil drage.

Sender ved skiltet og kortet.  
For lufta i dekka er borte,  
og sist eg skulle ta meg en tur,  
gjorde motoren seg vrien og sur.

Med helsing  
Reidar Kleppe  
6080 Gurskøy

Vedlegg: 1 skilt  
1 vognkort



## Håndbøker fra Vegdirektoratet

### **101 — TRAFIKKSANERING**

Veileddning 64 s.

Siktemålet med denne veilederen er å gi informasjon til planleggere, politikere og andre interesserte:

- om hva trafikksanering er
- hvilke tiltak som er hensiktsmessige
- hvordan planlegging og gjenomføring av trafikksaneringer kan organiseres.

### **105 — SPESIALTRANSPORT**

Veileddning 60 s.

Boka er en rettledning for saksbehandlere ved vegkontorene. Adgangen til å dispensere er regulert gjennom en rekke rundskriv m.v. Disse rundskriv er tatt med som eget vedlegg. I tillegg bygger den på «Be-

stemmelser om kjøretøy» «Vilkår for bruk av kjøretøy/vogntog med vekt, lengde eller bredde over det generelt tillatte». Dispensasjon for vanlig transport under spesielle forhold som teleløsning — vinterakseltrykk m.v. er også behandlet.

### **106 — KNUSERVERKUTSTYR**

Lærebok 186 s.

Denne læreboken er basert på kurs med samme tema avholdt høsten 1980 for maskininstruktører. Boken er tiltenkt støttefunksjon i opplæringen av førere til knuseverkutstyr i Statens vegvesen. Den vil også kunne brukes som lærebok i videre forstand for målgrupper som har befatning med produksjon av steinmaterialer.

# Forskning og utvikling i vegvesenet

*Dette var et tema på vegsjefmøte tidligere i år  
Noen tanker om dette er gjengitt nedenfor.*

At det drives «forskning» i Vegvesenet er kanskje ukjent for mange. At vi driver med «utvikling», eller «rationalisering» som ofte nevnes i samme åndedrag, er det kanskje flere som har hatt føeling med.

Mange av de arbeidsmetoder og utførelser som vi i dag ser på som dagligdagse og helt rutinepregede, og som vi ikke ville ha vært foruten, ville ikke ha sett dagens lys (eller ville sett dette lyset svært mye senere) om det ikke hadde vært satset midler på forskning og utvikling.

På tross av mange år med relativt svakere vegbudsjetter har vegnnettet likevel fått en merkbar standardheving, og ulykkestallene har klart gått nedover. Det betyr at vi er blitt flinkere til å gjøre jobben vår, og mye av dette må tilskrives utviklingsarbeidet.

## Lønner det seg å forske?

En riktig fordeling av forskningsinnsatsen skulle tilsi at den var satt inn på de områder hvor den økonomiske gevinst var størst. I dette ligger også at det gjerne kan satses på prosjekter hvor sannsynligheten for å lykkes er liten dersom den mulige gevinst er tilsvarende stor. Veglaboratoriet satset f.eks. i 1979 40.000 kr. på en «Petter Smart» som mente det var mulig å skumme opp problem-

avfallet gips slik at det kunne brukes i lette fyllinger. Forsøket resulterte kun i en tidlig jul på Veglaboratoriet (hvitt nedfall i alle korridorer etc.) Hadde prosjektet vært vellykket ville gevisten vært et titalls millioner kr). Slike sjanser bør man derfor kunne ta.

Forskingen på slitesterke vegdekker og skånsomme pigger har på den andre siden kostet totalt 10 mill. kr. Den årlige besparelse her, om vi sammenligner med «gammel» teknikk, dreier seg om ca. 100 mill. kr.

Tenker vi så på at den årlige FoU-innsatsen i Vegvesenet er på ca. 30 mill. kr, er det nærliggende å spørre om ikke en opptrapping av denne ville ha vært økonomisk riktig. 30 mill. kr er det Vegvesenet årlig bruker på strøng.

## Vegkontorene må være med

Det meste av FoU-arbeidet i Vegvesenet skjer i Vegdirektoratet. Det er store variasjoner i innsatsen ved de enkelte vegkontor både absolutt og fra det ene året til det andre.

Deltakelse i feltforsøk i samarbeid med Vegdirektoratet er svært vanlig. Enkelte vegkontor har utviklet et direkte samarbeid med lokale forskningsinstitusjoner, i første rekke

Sør-Trøndelag (til NTH) og Rogaland (til Rogalands-forskning).

Vegkontorene må være med i utviklingsarbeidet i Vegvesenet. En slik deltakelse vil gi oss en trenings- og opplæringseffekt som er fremtidsrettet. Det vil sette oss bedre i stand til å utnytte forskningsresultatene. Dette er nødvendig for at etaten skal mestre de nye oppgavene.

Den erfaring som vi i fylkene har er samtidig verdifull for prioritering og styring av prosjektene. Spesielt ved de direkte nytteorienterte prosjekter bør bidragene fra vegkontorene ha stor verdi.

### **Ressursene må ikke sløses bort**

De ressurser som finnes ved vegkontorene for deltagelse i FoU-arbeid varierer sterkt. Ved riktig tilpassede feltundersøkelser er ressursene ved vegkontorene store. Det samme gjelder også deler av resultatutnyttelsen.

Når det derimot gjelder den direkte bearbeiding av resultater er ressursene mer begrenset og variable. De er begrenset fordi vegkontorene har mange presserende driftsoppgaver som ikke blir dekket helt ut.

Det ligger også begrensninger i kompetanse, men ved å gå direkte på den enkelte ansatte kan en trekke fram ressurser. Det bør også nevnes at Vegdirektoratet lett kan bruke opp de ressurser som finnes ved omfattende krav om utredningsarbeider på en rekke felter.

### **Vi må utnytte våre fortrinn**

Selv om FoU-innsatsen i dag kan sies å være en overskuddsforretning for Vegvesenet, er det nok mye som mangler på at resultatene blir presentert slik at de egner seg til praktisk utnyttelse.

I et lite land er det gode muligheter for hurtig å få forskningsresultater fram til praktisk utnyttelse (ferre komitéer og bremsende ledd).

Dette gir oss ofte en mulighet til å ligge langt fremme på visse områder.

Vi må imidlertid ha fagkompetanse for å kunne utnytte slike fordeler, og her ligger nok det største problem for Vegvesenet i tiden fremover. Vegkontorene bør spille en sentral rolle i en god resultatutnyttelse.

*Kaare Flaate  
Geir Refsdal*



# STUDIEREISE TIL OSLO

Fra 7.-9. okt. fikk 7 representanter fra biltilsynet i Molde, Ørsta og Ålesund reise på en studietur til Oslo. Det deltok 3 stk. fra biltilsynet Molde, 2 stk. fra Ørsta og 2 stk. fra Ålesund. Vi fikk besøke biltilsynet i Oslo, Toll- og avgiftsdirektoratet og til slutt Vegdirektoratet.

Vi startet besøket ved biltilsynet i Oslo. Der ble vi først vist rundt i lokalet. Førerkortavdelingen var forholdsvis liten, siden den største avdelingen av denne ligger i sentrum. Vi ble forvrig orientert om at denne avdelingen også skulle flytte til Ris-løkka i nærmeste framtid. Registreringsavdelingen virket imponerende stor i forhold til det vi er vant til fra våre 3 stasjoner. Der var adskilt registrering for firma og private personer. Registreringsdokumenter ble sendt via skinneganger gjennom lokalet. Det var en egen avdeling for opplysningsstjeneste hvor det satt damer og kun svarte på opplysninger pr. telefon. På skiltavdelingen jobbet 3 personer som hadde med utlån av prøveskilt samt lagring og kapping av innleverte skilt. Vi fikk også se eksempel på falske skilt som var tatt. Det varierte fra papp-plater til noen ganske profesjonelle som virket ganske ekte. En titt ut i hallen ble det også tid til. Det er sikkert mange som kunne tenke seg å ha det like rommelig som her.

Ellers gikk vi litt rundt i lokalet og

snakket med de ansatte og fikk prøve oss litt på dataskjermene. Stort sett et hyggelig inntrykk, men jeg tror de fleste av oss heller foretrekker forholdene på en stasjon av litt mindre størrelse.

Deretter gikk turen til Toll- og avgiftsdirektoratet. Vi ble tatt med til et konferanserom hvor vi først ble orientert litt om årsavgiften. Det ser ut til at den fortsatt blir kr. 700,—, men det kommer sannsynligvis et tillegg på kr. 100.— for de som sommer med betalingen til etter forfallsdato. Ellers fikk vi også vite at registreringsavgiftene skal stige med ca 10%, og det er vel det vanlige. Her ble vi også vist rundt på kontoret. Det er en gammel bygning, men de har laget et hyggelig kontorlandskap. Det var satt opp skillevegger slik at hver enkelt hadde sin private krok pyntet med blomster og bilder. Foreløbig var det her lite datautstyr av budsjettmessige grunner.

Den siste dagen gikk turen til Vegdirektoratet. Der var det mange etasjer og mange avdelinger, men vi var på besøk på motorvognavd. og A-data. Først ble vi orientert litt om etaten av R. E. Larsen, før H. Hagen tok oss med på en rundtur blandt de store datamaskinene. Så fikk vi komme inn på motorvognkontoret og fikk se hva som skjedde med alle de meldinger som blir innsendt fra

oss i biltilsynet. Dette var ganske interessant for å få en bedre helhet i det arbeidet vi utfører til daglig. Vi fikk bedre forståelse for problemer som kunne oppstå når vi skriver feil opplysninger i våre meldinger. Men det ble opplyst at det var ganske liten feilprosent av de mengder som kommer inn, — fra 3 - 5%.

Et besøk i kantinen på toppetasjen var det også avsatt tid til. Her fikk vi servert deilige rundstykker og tittet litt på den fine utsikten over store deler av Oslo. Det var i det hele tatt en hyggelig Oslo-tur for oss kontordamer, som vi håper at andre får anledning til å være med på senere.

*Vennlig hilsen*

*Jenny Kvalheim*



## Vegstasjonen i T4 — Skodje

har i lang tid hatt knapt med areal både ute og inne. Etter at ein del av anleggsverksemda i distriktet også er blitt nærmere knytta til stasjonen har det særleg synt seg ynskjeleg med utviding. Dei siste par åra har derfor anlegg, vedlikehald og maskin gått saman om å få utført sprengnings- og planeringsarbeid for å auke utearealet. Dette er no fullført med fast dekke. No i år er også det nye fellesbyg-

get teke i bruk. Her er ved siden av felleslager ein stor strøsandsilo og eige lager for armering og betongutstyr.

Ansvarleg for verksemda i nybygget er Jakob Øvstdal, som no har fått orden i sakene på lageret slik at alle brukarane kan nytte det slik intentionen er.

# Slå eit slag i forslagsordninga

Ref. handbok — 043. Forslagsordninga:

## «Formål

- Stimulere interessen for effektivitet hos de ansatte i Statens vegvesen.
- Nyte personellets ideer og kunnskaper til forbedringer, slik at det kan oppnås større trivsel og sikkerhet på arbeidsplassane.
- Skape bedre forståelse for den betydning rasjonelt arbeide har for både etaten og samfunnet.»

Forslag innan alle saksområda i vegvesenet kan fremjast. Dei kan vere frå eige eller andre sitt arbeidsfelt.

Eit forslag skal om mogleg formast etter følgjande retningslinjer:

- Kort utgreiing av noverande ordning/utstyr.
- Forslag til ny ordning/utstyr.
- Fordalar med ny ordning/utstyr.

## PREMIERING

Lokalt — opp til kr. 3.000,-.

Sentralt — Vegdirektoratet — opp til kr. 10.000,-. Dersom eit forslag vil få høgare premie enn kr. 10.000,- vert forslaget lagt fram for Vegdirektøren før endeleg vedtak.

Representantar i forslagsnemnda Statens vegvesen Møre og Romsdal:

Vegmeister Kolbjørn Engen

Formann Jørgen Sigerset

Overingeniør Oddmund Gussiås

Konsulent Frank Malme

Sekretær — konsulent Harald Valved

Alle forslag skal sendast vegkontoret og vil bli handsama i nemnda.

Alle vegstasjonar har fått Retningslinjer for Forslagsordninga tilsendt.

Alle spørsmål av praktisk eller teoretisk art kan rettast til sekretæren eller medlemmer av forslagsnemnda.

**IKKJE NOKO FORSLAG ER FORLITE FOR FORSLAGSORDNINGA**

*Harald Valved  
personalkonsulent/sekretær*



# Hvorfor forslagsordning?

Jo, natruligvis for å spore oss ansatte til å vise interesse i jobben, bringe fram i lyset de ting vi mener er positive, — små som store — og som andre kan ha nytte av.

Få er vel uenige i at dette er positivt. Det finnes idéer rundt om i høpetall som både hjelper oss til å effektivisere og bedre trivsel og arbeidsmiljø. Svært få av oss er vel også av den typen som vil holde det for oss sjøl når vi tror vi har funnet opp kruttet.

Derfor er det så deprimerende å konstantere hvordan forslagsordninga har virket. Min kjennskap er overfladisk, men jeg tror den er representativ for det store flertall i etaten:

1. Antall forslag i året til den lokale nemnda er lite — svært få går videre sentralt.
2. Fra et forslag sendes inn til innsenderen får svar kan det gå flere år.
3. Apparatet som skal spre opplysning om alle de gode idéene er slett organisiert.


Det er flere eksempel på at gode idéer og forslag er blitt liggende så lenge ubehandlet at når «premien» endelig kommer, er kanskje maskinen eller arbeidsoperasjonen forbredingen er knyttet til, utbyttet eller foreldet. Slik er en hånd mot den som sender inn forslag og til liten nytte for etaten.

Det er ikke bare i vårt fylke vi har forslagsordning. En skal ikke se bort fra at det også andre steder kan finnes lyse hoder med idéer vi kan ha nytte av. Hvordan får vi rede på dette? Inneholder forslagsordninga noen systematisert utvekslingsordning? Hvor finner jeg de forslag som angår mitt arbeid enten de nå kommer fra dette fylket eller andre?

Det er i *praksis* de forskjellige «ordninger» — enten de heter forslagsordning eller annet — viser sin rettigelse. Denne ordninga slik den til nå er praktisert har ikke vist dette.

Harde ord? Javel, men rask respons og spredning av det positive forslagene innebærer må være et krav — bare ved å demonstrere i *praksis* at slik er det, kan ordninga komme fri fra det «supperåds»-stempel den dag har.

A. W.



# Lønnskort

På vegkontoret har vi registrert en rekke henvendelser som gjelder betydningen av kodene som finnes på lønnskortet som blir sendt ut til arbeidstakerne ved endringer. Vi skal forsøke å gi en liten forklaring på de rubrikker som er mest brukt og samtidig kan virke litt ukla-re.


1. **Kategorikode** som begynner på 0,1 eller 5 betyr at lønnstakeren er fast ansatt med månedslønn. Øvrige tall i første siffer bruktes for korttidsinntatte lønnstakere med timelønn.
2. **Stillingsgruppekoder** angir den stillingen lønnstakeren er ansatt i, og er for arbeidstakere i driften den koden som vanligvis skal brukes i timerapporteringen.
3. **Tjenesteforhold:** Dette kan være en kombinasjon av opptil tre bokstaver. Den første vil være en H elle D som står for henholdsvis hel- eller deltidsansatt. Neste bokstav, F eller M: fast eller midlertidig ansatt. I den tredje kolonnen kan det stå en F = fungering i høyere stilling, P = personlig avlønning eller R = permittert med redusert lønn.
4. Et ettall i denne kolonnen betyr at arbeidstakeren er **formann**. De som fremdeles oppbeværer formannspenger (øretillegg) vil i så fall få, og bli trukket, pensjon etter A-regulativet med ett løns-

trinn høyere enn avlønningen til-sier.

5. Datoen som står oppført her vil som hovedregel være den siste **begynnelsesdatoen** hos oss. Den har ingen betydning for avlønning-en, og vil i mange tilfeller altså heller ikke vise hvor lenge en lønnstaker har vært ansatt i veg-vesenet.
6. **Pensjonsansienniteten** skal vise den samlede pensjonsgivende tjenestetid i staten, samt i fylkets vegarbedsdrift. Denne datoен blir alltid kontrollert, og eventuelt rettet når det er aktuelt for en lønnstaker å gå over på pensjon.
7. Datoen i denne rubrikken viser **all tidligere offentlig og privat praksis** som er godkjent som tjene-steansiennitet.

Begge de to siste datoene er stipu-lert, slik at samlet pensjonsgivende tid og tjenesteanssiennitet er omregnet til år og måneder. Denne ansiennite-nen blir så tilbakeført i forhold til si-ste begynnelsesdato. F.eks. vil en lønnstaker som begynte 1. januar 1983, og har 8 års likeverdig praksis som blir godkjent som tjenestean-siennitet, og to års tidligere tjene-ste i staten, få pensjonsgivende tid fra 1. januar 1981, og tjenestean-siennitet fra 1. januar 1973.

LØNNSNR		BRUKER		STATENS VEGSESEN				LØNNSKORT				DATO		LØNNSNR			
6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23
20	NAVN	10			22	01	TAE LØNNSR ART	TEKST									
11	ADRESSE				33												
n					n	02											
34	POSTNR	POSTSTED		UTBETALINGSMATE	55												
n	56	59	KOMM. NR.	KOMMUNE	n	03											
n	71	74			70												
n	75	78			75												
n	79	80			85												
1	81	82			81												
2	83	84			83												
11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	
n	28	29	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	
n	44	45															
n	46	47															
n	48	49															
n	50	51	52	53	54	55	56	57	58	59	60	61	62	63	64	65	
n	66	67	68	69	70	71	72	73	74	75	76	77	78	79	80	81	
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	
KODE	FORSIKR SELSKAP																
KODE	FÖRENING																
KODE	FORENING																
24	TAE TREDJEMERKNAD																
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	
Sum & Sterteisen AS, Oslo 2 g)	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30
	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	



## Nytt fra arbeidsmiljøutvalget

tak på alle lastebilar med kran slik at liknande ulykke ikkje skjer i framtida. Tiltaka bør iverksetjast innan utgangen av 1983.

I tida 8.-9. juni 1983 vart det halde AMU-møte i Volda.

Før møtet gjennomførte arbeidsmiljøutvalget synfaring ved veganlegg i Austefjorden. Etter at møtet var avslutta gjennomførte utvalet synfaring på veg- og tunnelanlegg ved Mauseidvåg, vegstasjonen og biltilsynet i Ørsta.

### 6 skadar — 1. kvartal 1983

Skadane resulterte i til saman 64 fråværsdagar. 2 av skadane besto av steinflis i auge under boring. Desse kunne etter verneleiarenς meining vore forhindra dersom vernebriller hadde vore nytta. Dei 4 andre skadane hadde ikkje utspring i manglende bruk av verneutstyr.

I 1982 hadde Statens vegvesen i Møre og Romsdal 28 skadar som resulterte i 472 fråværsdagar.

I mars skjedde ei ulykke med alvorleg utfall under lasting av kamstål-bunt på lastebil med kran.

AMU har oppmoda vegsjefen å syte for at det vert sett i verk tekniske til-

### Omlegging av bedriftshelsenesta

AMU gjekk inn for å legge om bedriftshelsenesta med større vekt på selektive helsekontrollar. Etter dei nye retningslinene skal rutinemessige kontrollar skje etter følgjande system:

- helsekontroll ved tilsetjing og 12 månader etter tilsetjing
- årleg kontroll til fylte 18 år
- kontroll kvart 3 år til fylte 45 år
- kontroll kvart 2 år til fylte 60 år
- kontroll kvart år etter fylte 60 år

AMU gjekk i tillegg inn for at det skal setjast iverk nytt system for egenmelding ved sjukdom. Systemet byggjer på at meldinga skal vera ei rein legesak. Systemet er førebels under utgreiing.

AMU skal på sikt arbeida for ei egen bedriftshelseneste for heile fylket med ein lege. På grunn av manglende løyvingar kan ikkje ei slik ordning setjast iverk no. Førebels må vi nytta oss av lokale legar ute i distrikta.

*Harald Valved*



# 5 minutter med vernelederen

## FØRSTEHJELPSOPPLÆRING

I haust vart det halde førstehjelps-kurs i Surnadal, Molde, Vestnes og i Spjelkavik. Til kursora vart kalla inn verneombod og arbeidsleiarar som ikkje tidlegare hadde fått opplæring i førstehjelp. Den gongen valde vi å ta med kontorassistentane ute på vegstasjonane. Det vart gjort fordi dei er til stades på vegstasjonen det meste av arbeidstida og soleis tilgjengeleg for vårt radiosamband, og dei har telefonen ved sida av seg. Om ei ulykke skulle hende ute so kan dei verte kontakta over radiosambandet og gje melding vidare. Då dei har fått opplæring i førstehjelp vil dei vite kva slag opplysnin- gar det er viktig å få med og dei kan til ei viss mon gje råd til dei som er på ulukkessタden. Det kan vere mogeleg å vinne inn avgjerande tid ved at ein kan bruke radiosamban- det der det er lagt til nærmaste tele- fon.

Kursora var lagt opp som eit 12 timars grunnkurs utvida til 16 timer. Dei 4 ekstra timane vart brukt til serleg øving i sårforbinding og livreddande førstehjelp, som til dømes gjenopp- living med munn til munn metoden.

Til kursleiar hadde vi også denne gongen fått Finn Evensen fra Fiskå- bygd, han er tilsett i Norsk Folke- hjelp som distriktsleiar og instruk- tør i førstehjelp. Undervisningsforma

